



Jnr. 1212.14

Gjg

Hordaland fylkeskommune
Opplæringsavdelinga
Postboks 7900
5020 Bergen

Att: Opplæringsdirektør Svein L. Heggheim

Søknad om midlar til vidareføring av teknisk fagskule i Sunnhordland - Stordmodellen

Samarbeidsrådet for Sunnhordland søker med dette om kr. 2 700 000,- til å starta opp med eit nytt fagskule kull frå årsskiftet 2014/15.

Industriverksemdene ser at behovet for fleire teknikarar og ingeniørar framleis er tilstades og ønskjer difor å starta opp med ein ny klasse frå årsskiftet, kull nr. fire. Denne gongen vert det prioritert ei line i opptaket, med ein automasjons -og elektroklasse.

Erfaringane med Stordmodellen så langt er svært gode. Det er krevjande for studentane å kombinera arbeid og utdanning, men denne løysinga gjer at fråfallet vert minimalt.

Kostnaden er sett til kr. 4 000 000,- og er tenkt finansiert med ei deling på kr. 2 700 000,- frå Hordaland fylkeskommune og kr. 1 300 000 frå kompensasjonsmidlar for auka arbeidsgjevaravgift. Bedriftene har gjeve tydelege signal om at desse midlane vert prioritert i Plan for bruk av kompensasjonsmidlar 2014. Den er under utarbeiding.

Vedlagt ligg prosjektplan. Dersom det er spørsmål, ta kontakt med underteikna eller prosjektleiar Trond Haga.

Sunnhordland, 17.september 2014

Med venleg helsing


Gro Jensen Gjerde

Dagleg leiar